


NOKUTs tilsynsrapporter

Skrivekunstakademiet i Hordaland:

Rapport fra sakkyndig komité:

Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga

21. desember 2015



NOKUT 

Institusjon: Skrivekunstakademiet i Hordaland

Sakkunnige: Professor Roger Säljö, Göteborgs universitet (leiar)
Rektor Nina Skarpenes, Politihøgskolen
Studentrepresentant Joakim Pedersen, student ved Høgskolen i Harstad

Dato for vedtak: 2016

NOKUTs saksnummer 13/288

Forord

Forord blir sett inn etter behandlinga av rapporten i NOKUTs styre.

Innhald

1	Evaluering av universitet og høgskular sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda	1
2	Kvalitetssikringssystem og kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet i Hordaland	2
2.1	Skrivekunstakademiet i Hordaland og Årsstudiet i skapande skriving	2
2.2	Kvalitetssikringssystemet ved Skrivekunstakademiet i Hordaland.....	3
3	Kvalitetssikringssystemet i funksjon ved Skrivekunstakademiet i Hordaland.....	5
3.1	Det studienære kvalitetsarbeidet rundt årsstudiet i skapande skriving.....	5
3.2	Kvalitetssikringssystemet som eit strategisk verktøy for utdanningskvalitet.....	7
4	Samla vurdering i lys av evalueringskriteria	8
4.1	Stimulans til kvalitetsarbeid og kvalitetskultur	8
4.2	Mål, plan og forankring i leiinga	9
4.3	Innhenting av dokumentert informasjon om kvalitet i utdanninga.....	9
4.4	Analyse, vurdering og rapportering	10
4.5	Bruk av kunnskap til kvalitetsforbetring	10
5	Konklusjon.....	11
6	Komiteens råd om vidareutvikling av kvalitetsarbeidet	11
7	Vedlegg	13
7.1	Dokumentasjon frå Skrivekunstakademiet i Hordaland	13
7.2	Program for den sakkunnige komiteens besøk ved institusjonen.....	13
7.3	Sakkunnig komité's mandat.....	14
7.4	NOKUTs evalueringskriterium	15

1 Evaluering av universitet og høyskular sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda

1.1 Innleiing

I forskrift til *lov om universiteter og høyskoler* heiter det at «Universiteter og høyskoler skal ha et system for sitt kvalitetssikringsarbeid som sikrer kontinuerlige forbedringer, gir tilfredsstillende dokumentasjon av arbeidet og avdekkjer sviktende kvalitet» (§ 2-1, (1)).

Kvalitetssikringssystemet er utdanningsinstitusjonanes reiskap for å skaffe seg nødvendig kunnskap for å kunne vurdere kvaliteten i egne utdanningstilbod. Innanfor rammene av lov og forskrift er det institusjonane sjølv som bestemmer korleis systemet skal utformast, ut ifrå eigen storleik, faglege profil og andre forhold ved institusjonen.

Lov om universiteter og høyskoler gir NOKUT i oppgåve å evaluere institusjonane sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda etter kriterium som organet fastset. NOKUT har gjennomført evalueringar av kvalitetssikringssystem i sektoren sidan 2003 og innleia våren 2009 sin andre runde med slike evalueringar. Evalueringskriteria er no i større grad retta inn mot å vurdere institusjonane sin bruk og nytte av systema.

NOKUT brukar sakkunnige komitear i sine evalueringar. Komiteane skal vurdere om institusjonane tilfredsstilljer krava til kvalitetssikring av egne studietilbod. Ei evaluering av eit kvalitetssikringssystem er såleis ikkje ei fagleg vurdering av innhaldet eller kvaliteten i dei enkelte studia, men ei evaluering av institusjonen sitt systematiske arbeid for å sikre og forbetre slik kvalitet.

Den sakkunnige komiteen baserer sine vurderingar på dokumentstudiar og på samtalar med relevante aktørar ved institusjonen. Det vert gjennomført to institusjonsbesøk. Under det innleiande besøket diskuterer leiinga ved institusjonen og evalueringskomiteen status i kvalitetsarbeidet og innretninga på evalueringa. Komiteens hovudbesøk ved institusjonen vil romme vidare studiar av dokumentasjon i tillegg til samtalar med ulike grupper og aktørar. Komiteen kan her velje å gå meir detaljert inn i utvalde delar av institusjonens kvalitetssikringssystem og kvalitetssikringsarbeid.

1.2 Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved Skrivekunstakademiet i Hordaland

Den sakkunnige komiteen som har evaluert systemet for kvalitetssikring av utdanninga ved Skrivekunstakademiet i Hordaland, var samansett av:

- Professor Roger Säljö, Göteborgs universitet (komitéleiar)
- Rektor Nina Skarpenes, Politi høgskolen
- Studentrepresentant Joakim Pedersen, student ved Høgskolen i Harstad

2 Kvalitetssikringsystem og kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet i Hordaland

2.1 Skrivekunstakademiet i Hordaland og Årsstudiet i skapande skriving

Skrivekunstakademiet i Hordaland blei skipa i 1985 av forfattaren Rolf Sagen i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Idéen var at forfattarane og litteraturen burde ha ei utdanning på linje med kunstakademi og musikkhøgskular. Institusjonen er i dag ei stifting som har til føremål å gje undervisning i skrivekunst og elles arbeide for å styrkje norsk litteratur. Den er i all hovudsak finansiert av Hordaland fylkeskommune, men får også prosjektmidlar frå mellom anna Bergen kommune, Norsk Kulturråd, Sparebanken Vest og Fritt Ord. Grunnkapitalen er urørleg og utgjer kr. 50000.

Fylkesutvalet i Hordaland, valt av Fylkestinget, er representantskap for Skrivekunstakademiet i Hordaland. Representantskapet er det øvste organet for stiftinga og har til oppgåve å velja styre og styreleiar, å fastsetja årsrekneskap, å drøfta langsiktige planar for drifta av stiftinga og å sjå til at stiftinga vert driven i samsvar med vedtektene og vedtak gjorde i representantskapet. Styret ved Skrivekunstakademiet har sju medlemmar: Tre er utnemnde av Hordaland Fylkeskommune, ein er representant frå Den norske Forfatterforening, ein kjem frå Universitetet i Bergen, ein er representant for dei tilsette og ein er studentrepresentant. Styret har til oppgåve å velja nestleiar for styret, å tilsetja turvande administrasjon og lærarkrefter, å godkjenna framlegg til årsbudsjettet, å ha det overordna økonomiske ansvaret for stiftinga, å gje representantskapet dei opplysningar som trengst for å vurdere verksemda til Skrivekunstakademiet i Hordaland og å syta for rekneskapsføring og revisjon.

Skrivekunstakademiet i Hordaland har sju tilsette på deltid. Administrasjonen består av akademileiar i 80 prosent stilling og kontorfullmektig i 60 prosent stilling. Akademileiar har talerett og rett til å gjera framlegg på styremøta, men har ikkje røysterett. Akademileiar er sekretær for styret og syter for at det vert skrive referat frå styremøta. Vedkommande vert tilsett på åremål – 6 år om gongen. Fire faste lærarar som alle er forfattarar, er knytt til utdanninga i skapande skriving. Undervisningsleiar har 40 prosent stilling, og dei tre andre har 25 prosent stilling. Grunna permisjonar er undervisningsleiar òg fungerande akademileiar. I tillegg nyttar institusjonen ei rekkje gjestelærarar.

I 2007 blei Årsstudium i skapande skriving akkreditert av NOKUT. Studiet gir 60 studiepoeng og har tolv studieplassar. Studiet byggjer på ein modell der ein vekslar mellom undervisning (60%) og sjølvstudium (40%). Innhaldet i undervisninga kan delast i følgjande tre hovuddelar:

1. Praktisk del: skriveverkstad og gjennomgang av studenttekstar (ca. 60%).
2. Teoretisk del: undervisning i sjangerlære, teori og estetikk (ca. 30%).
3. Formidling (ca. 10%).

Opptak stiller krav til generell studiekompetanse. Søknad om opptak skal innehalde 10–15 sider tekst av skjønnlitterær karakter som er skriven i løpet av dei siste to åra. Ein kan søkje med tekstar i fleire sjangrar, både publiserte og upubliserte. Søkjarar må skrive på norsk, svensk eller dansk for å bli vurderte. Opptak vert gjort på grunnlag av innsendt tekstmateriale som vert vurdert av ein jury. Som hovudregel er det dei fire fast tilsette lærarane som sit i opptakskomiteen. Dei seinare åra har talet på søkjarar vore stabilt på omkring 115–120.

For å få godkjent årsstudiet må studentane ha levert eit haustarbeid etter første semester og gjennomføre ein eksamen i to delar i vårsemesteret. Eksamen har ein skriftleg og ein munnleg del. Den skriftlege delen vert vurdert ut frå innlevering av 17–20 sider skjønnlitterær tekst (hovudarbeid), samt eit føredrag i skriftleg form på om lag fem sider (deleksamen), basert på delar av pensum. Grunnlaget for vurdering av den munnlege delen er plenumsgjennomgangen av hovudarbeidet avslutningsvis i studiet. Her får kvar student ei opponentrolle for eit av hovudarbeida. I tillegg skal kvar student førebu ei prosjektutsegn for sitt eige hovudarbeid. Dei to delane skal gje sensorane grunnlag til å vurdere den einskilde studenten sin kunnskap om skapande skrivning, praktisk og analytisk.

Vurderingsnemnda er sett saman av minst tre medlemmar, der minst ein er eksternt innkalla og minst ein har førstestillingskompetanse. Det vert berre gjeve karakterane godkjent eller ikkje godkjent. Studiet kan, etter søknad retta til den aktuelle utdanningsinstitusjonen, gå inn som del av ein bachelorgrad.

Skrivekunstakademiet gjev årleg ut ein antologi med tekstar av studentane. Det er studentane sjølve som utarbeider denne, og dei får dermed trening i redaksjonelt arbeid. Institusjonen legg vekt på å vere synleg i litteraturmiljøet i Bergen, blant anna gjennom opplesingar på bibliotek og kafear. Den har mange samarbeidspartnarar, mellom anna kulturinstitusjonar i Bergen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, samt fleire forlag og kafear. Skrivekunstakademiet har ulike former for kontakt og samarbeid med andre forfattarutdanningar i Norden og har felles klagenemndsamarbeid med Norsk Barnebokinstitut.

I tillegg til årsstudiet tilbyr Skrivekunstakademiet eit ikkje akkreditert påbyggingskurs i skapande skrivning, samt fleire kortare kurs.

2.2 Kvalitetssikringssystemet ved Skrivekunstakademiet i Hordaland

Kravet om eit system for kvalitetssikring av utdanninga omhandlar berre utdanningar som er akkrediterte av NOKUT. Denne evalueringa gjeld derfor berre institusjonen si kvalitetssikring av årsstudium i skapande skrivning.

Dokumentasjon i kvalitetsarbeidet

Studentevalueringar og rapportar frå lærarane er dei sentrale elementa i dokumentasjonen frå kvalitetsarbeidet rundt årsstudiet. Ifølgje leiinga legg lærarrapportane og evalueringar frå studentane klare føringar for komande undervisningsopplegg, planar for kva for gjestelærarar som blir hyrt inn, heilheita i opplegget for kvart semester og innhaldet i dei einskilde kursa.

Studentevalueringar: Skrivekunstakademiet har studentevalueringar ein gong kvart semester på årsstudiet. Studentane evaluerer mellom anna kvart einskilt kurs, fagleg kvalitet og heilskap i undervisninga, struktur, kommunikasjon mellom skulen og studentane, klassemiljø, fysisk miljø/lokale, sosiale tilhøve og sin eigen innsats og progresjon. Studentane gir karakterar for dei ulike kursa og blir oppmoda til å gje utfyllande kommentarar.

Etter innlevering av evalueringane blir informasjonen systematisert, og dagleg leiar utarbeider ein rapport som blir handsama og diskutert på stabsmøte. Det blir og sett ein gjennomsnittskarakter for dei ulike kursa ut ifrå studentane si karaktergiving. Deretter får studentane høve til eit munnleg supplement i møte med heile staben ved semesterslutt.

Tilbakemeldingane frå studentane si evaluering tel med og vert tekne omsyn til når kvar einskild lærar planlegg dei komande kursa sine, og gjestelærarar blir kontakta. Studentane sine innspel og framlegg til endringar og forbetringar blir tekne omsyn til i komande stabsmøte og når institusjonen lagar undervisningsplanar. Framlegg til endringar inngår i planlegginga for den komande perioden og blir tatt opp på neste stabsmøte innan dei eventuelt blir iverksette. På eit meir overordna og strukturelt plan set dagleg leiar i verk endringar der det praktisk og økonomisk er mogleg og tenleg.

Lærarrapportar: Både dei fast tilsette og gjestelærarane blir oppmoda om å levere rapportar etter kvart kurs. Rapportane fokuserer først og fremst på kva undervisninga har innehalde, og på kor godt opplegga i klassen har fungert.

Rapportane skal leverast til dagleg leiar etter kvart kurs. Gjestelærarar som har hatt hovudansvaret for sine kurs, må også skrive rapportar, men om kurset er halde i samarbeid med fast tilsett lærar, er det den fast tilsette som skriv rapport. I institusjonsbesøket kom det fram at alle noverande kurs hadde ein hovudlærar frå den faste staben som var til stades i all undervising på kurset.

Akademileiinga skriv at rapportane og stabsmøta til saman gir eit fyldig bilete av undervisninga som er svært verdifullt for leiinga. Rapportane blir distribuert til dei andre faste lærarane. Dei bidrar dermed med fagleg og pedagogisk input og gir lærdom om kva for behov studentane har, og kva for utfordringar lærarane kan møte. Dette gjer det lettare å leggje til rette undervisninga for kvart enkelt studentkull.

Bruk av statistikk: Skrivekunstakademiet fører statistikk for heile søkjarmassen som mellom anna omhandlar alder, kjønn, bakgrunn og tidlegare utdanning.

Organisering av kvalitetsarbeidet

Skrivekunstakademiet har organisert kvalitetsarbeidet rundt eit årshjul for kvalitetssikringssystemet som viser fristar, sak (evalueringar, rapportar og møte), og ansvarleg. Det er og ei kolonne for «henvisning til kvalitetssikringssystem» som ikkje er utfyllt. Det er eit eige årshjul for administrasjon av utdanninga som viser dato, hendingar og ansvar. Skrivekunstakademiet har fastsett nokre sentrale møteplassar og ansvar i kvalitetsarbeidet.

Kvalitetsutviklingsprogrammet har ein styringsstruktur der styret har det overordna ansvaret for kvalitetssikring, medan dagleg leiar i samråd med undervisningsleiar har det operative ansvaret¹.

Styret: Styret for Skrivekunst-akademiet har det overordna ansvaret for studiekvaliteten og kvalitetsutviklingsprogrammet. Styret har ansvaret for at den faglege verksemda held høg kvalitet og for at studiet vert drive effektivt og i samsvar med dei lover, forskrifter og reglar som gjeld og dei rammer og mål som vert gjeve av gjeldande myndigheit. Styret får framlagt og godkjenner årsrapportane om kvalitetsarbeidet.

Akademileiar fører på styrets vegne tilsyn med verksemda, har ansvaret for den samla administrative verksemda for studiet og for at kvalitetsutviklingsprogrammet fungerer og vert brukt i samsvar med fastsette retningslinjer. Akademileiar har i samråd med undervisningsleiar ansvaret for den operative drifta av studiekvalitetssystemet. Dette inneber ansvaret for at semestervise studentevalueringar vert gjennomført og at evalueringsdata vert innhenta. Akademileiar og undervisningsleiar har ei sentral

¹ Skildringa er henta frå «Ansvar over Skrivekunstakademiets kvalitetssikringssystem, med informasjonslinjer og myndigheits-, ansvars- og rollefordeling», lagt fram ved evalueringa frå 2009/10 og tilsend på oppfordring.

rolle for å sjå til at fagstab og studentar vert involverte i dei vurderingar som skal gjerast, før eventuelle vedtak om tiltak vert gjort.

Akademileiar har medarbeidarsamtalar med kvar medarbeidar. Staben blir beden om å svare på spørsmål om fysisk og psykososialt arbeidsmiljø, om arbeidsmengd, arbeidsdeling, oppgåver og ansvarsområde og om dei opplever at rutinane er gode, og korleis dei fungerer. Dei kan kome med framlegg til endringar og utviklingstiltak. Akademileiar har òg ansvar for at det vert laga ein årsrapport for studiekvalitetsarbeidet. I tillegg møter akademileiaren på styremøta og gir munnleg rapport om verksemda og kvalitetsarbeidet.

Kursansvarleg lærar har ansvar som hovudlærer for kursa og skal sørge for at desse blir evaluert på slutten av kvart kurs. Studentane sine kursevalueringar vil i fyrste rekkje verte handsama av kursansvarleg i samråd med undervisningsleiar. Kursansvarleg leverer ei eiga evaluering til undervisningsleiar etter at studentevalueringane ligg føre.

Tillitsvalde studentar: Det er ein tillitsvald student i styret og ein studentrepresentant i LMU. Ansvaret til dei tillitsvalde studentane er ikkje eksplisitt omtala i dokumentasjonen frå Skrivekunstakademiet.

Stabsmøta: Det vert halde seks til åtte stabsmøte per år. Stabsmøtet blir omtala som eit sentralt forum for kvalitetssikring, der alt frå praktiske tilhøve, planlegging, undervisning, kontinuerlege evalueringar, koordinering til strategi blir diskutert. Studentevalueringane blir drøfta i stabsmøtet, og det er omfattande stabsmøte i forkant av kvar semesterstart.

Læringsmiljøutvalet er samansett av kontorfullmektig og to studentrepresentantar. Det skal haldast minst eit møte kvart semester, og elles etter behov. LMU sender ikkje eigen rapport til styret, men årsrapporten omtalar samansetting og talet på møte i utvalet.

Kvalitetssikring av eksamen, deleksamen og obligatoriske haustarbeid:

Skrivekunstakademiet skriv at dei nyttar røynde eksterne sensorar på deleksamenane i essayskriving i vårsemesteret og på slutteksamen ved slutten av studiet. Til å gå gjennom haustarbeidet nyttar dei alltid ein gjestelærer.

3 Kvalitetssikringssystemet i funksjon ved Skrivekunstakademiet i Hordaland

3.1 Det studienære kvalitetsarbeidet rundt årsstudiet i skapande skrivning

I skrivet om status og utfordringar i kvalitetsarbeidet kjem det fram at studentevalueringane blir rekna som det nyttigaste verktøyet i arbeidet med kvalitetssikring. Kvart semester blir studentane beden om å evaluera dei einskilde kursa, fagleg kvalitet og heilskap i undervisninga, struktur, kommunikasjon mellom skulen og studentane, klasse miljø, fysisk miljø/lokale, sosiale tilhøve, eigen innsats og progresjon. Studentane skal sette ein karakter for kvart kurs på ein skala frå 1–6 og blir oppmoda til å skrive kommentarar. Administrasjonen utarbeider ein gjennomsnittskarakter for dei ulike kursa på bakgrunn av studentanes karaktersetning. Komiteen meiner at Skrivekunstakademiet har utvikla eit tilfredsstillande system for studentevalueringar. Institusjonsbesøket og den tilsendte dokumentasjonen viser at denne delen av kvalitetsarbeidet fungerer bra. I dokumentasjonen blir arbeidet med

læringsutbytteskildringar omtalt som nyttig for kvalitetsarbeidet ved institusjonen. Studentevalueringane kan etter komiteens meining bli eit enda betre verktøy dersom studentane vurderer undervisinga og sin eigen innsats eksplisitt med omsyn til at dei skal oppnå det fastsette læringsutbyttet. Studentane har ikkje tilgang til evalueringar frå førre studentkull. Komiteen meiner at rapportar frå førre studentevaluering kan vere til nytte, særleg for dei tillitsvalde studentane.

Etter kvar semesterevaluering er det stabsmøte der studentane kan delta og gi utfyllande kommentarar. Komiteen ser at studentane dermed får høve til å vere med og drøfte forslag til tiltak i etterkant av evalueringane. Studentane gav og uttrykk for at lærarane var lydhøre for forslag frå studentane undervegs i kursa. Lærarane brukar studentevalueringane når dei planlegg komande kurs og kontaktar gjestelærarar. Evalueringane blir og drøfta i stabsmøte når undervisningsplanar for komande semester blir gjennomgått. Komiteen ser at Skrivekunstakademiet har sett i system at studentane sine innspel blir bringa inn i planlegginga for den komande perioden.

Resultata av studentevalueringane blir kort gjennomgått i årsrapportane til styret, og akademileiar brukar evalueringane for å vurdere overordna og strukturelle tiltak. Eit viktig tiltak i seinare tid har vore å auka stillingsprosentar for akademileiar og kontorfullmektig.

Dei faste lærarane har ansvar som hovudlærar for sine kurs. Dei skriv rapportar frå kvart kurs med ei samla vurdering av undervisningsopplegget, legg fram eventuelle endringar og vurderer om gjestelærar skal kontaktast på ny. Lærarane sa seg godt nøgde med dette opplegget og særleg at alle rapportane er tilgjengelege for den faste lærarstaben. Leiinga vurderer lærarrapportane som svært nyttige i planlegginga av kommande kurs, sjølv om det kan vera utfordrande å få alle lærarane til å skrive fyldestgjerrande rapportar. Skrivekunstakademiet har sett arbeidet med lærarevalueringar i system, og rapportane blir drøfta i staben. Komiteen meiner at rapportane ville kunne fungere enda betre dersom dei følgde ein fast mal, og det var nokre fastsette kvalitetsmål å vurdere undervisinga opp imot. Gjestelærarar som har halde lengre kurs, blir bedne om å levere rapport og evaluering. Når det er hovudlærar for kurset, skriv ikkje gjestelærarane eigne rapportar. Komiteen meiner det er greitt med ein samla kursrapport, men det er viktig at gjestelærarane tar del i rapportskrivinga.

Skrivekunstakademiet nyttar eksterne sensorar ved studentane sin slutteksamen. Det er ikkje sett i system at sensorane skriv rapportar i etterkant av dette arbeidet. Komiteen meiner at rapportar frå eksterne sensorar bør få ein viktig plass i kvalitetsarbeidet. Særleg viktig er det at eksamensformene blir vurdert opp mot det fastsette læringsutbyttet for utdanninga. Eksterne sensorar kan og meir generelt gje eit eksternt blikk på kvaliteten i utdanninga. Skrivekunstakademiet brukar same sensorar over svært lang tid. Dette gjer at dei kjenner institusjonen og utdanninga godt, men komiteen meiner at det bør vere ei viss utskifting av sensorane. Særleg viktig er dette i ein institusjon der så godt som alle studentane gjennomfører og består eksamen.

Trass i at komiteen såg eit aktivt og systematisk kvalitetsarbeid ved institusjonen, kunne verken studentar eller lærarar gjere greie for sjølve systemet for kvalitetssikring. Systemet var tydeleg for leiinga. Komiteen har i ettertid fått tilsendt systembeskrivinga som vart lagt fram ved førre evaluering frå NOKUT. Komiteen meiner at Skrivekunstakademiet bør vidareutvikle systembeskrivinga og gjera ho kjend i organisasjonen.

Komiteen tok og opp læringsmiljøet med tilsette og studentar. Undervisningsforma inneber at studentane må gi og ta imot kritikk av tekstar frå både lærarar og andre studentar. Dette er ei krevjande arbeidsform. Studentane meinte dei fekk god tilrettelegging og oppfølging i forbindelse med denne

undervisningsforma. Studentane såg det og som ein styrke at det alltid er ein hovudlærer saman med gjestelærarane på kursa.

Studentane kjende til LMU og kven som er tillitsvalde studentar. Generelt opplevde studentane at det psykososiale læringsmiljøet var godt. Lærarstaben og administrasjonen blei omtalt som særskild imøtekommande for forslag til endringar. Det kom ikkje fram kritiske merknader til det psykososiale læringsmiljøet under besøket. Både studentar og lærarar ser eit behov for større lokale. Dei saknar både fleire skriveplassar for studentane og meir lagerplass. Skrivekunstakademiet valde likevel bort å få lokale i Litteraturhuset i Bergen ut ifrå at høgskulen per i dag ikkje har økonomi til å bere ei flytting og dei auka kostnadane eit større lokale medfører. Komiteen meiner ei flytting ville gje institusjonen nær omgang med eit større miljø og aktive forfattarar, men ser at Skrivekunstakademiet har teke gjennomtenkte strategiske val om dette.

3.2 Kvalitetssikringssystemet som eit strategisk verktøy for utdanningskvalitet

Komiteen ser at Skrivekunstakademiet kvart år utarbeider årlege rapportar frå kvalitetsarbeidet, og at desse blir lagt fram for styret. Rapportane omtaler kva for evalueringar som er gjennomførte, og nemner nokre eksempel på tiltak. Dei tre siste årsrapportane stadfester alle at studentkulla har gjeve grundige tilbakemeldingar. Alle år har studentane sett karakterar frå 4–6 på ein skala frå 1–6. Årsrapportane gjennomgår deretter rapportar frå lærarar og undervisningsleiar, samt oppfølging av råda i rapporten frå NOKUT si første evaluering av kvalitetssikringssystemet. Det blir gitt ei samla vurdering av status for studiekvaliteten og gjennomførte tiltak for forbetring. Til sist har rapportane eit avsnitt som omhandlar administrasjon, inklusive rutinar og verktøy i kvalitetsarbeidet. Etter komiteens meining er det positivt at gjennomførte tiltak blir drøfta i rapportane. Komiteen saknar ei meir spissa rapportering i høve til fastsette mål i kvalitetsarbeidet. Det er òg mykje tekst som blir gjentatt fleire år på rad, utan at rapportane omtaler utvikling i tiltaka. Oppfølginga etter NOKUT si første evaluering av kvalitetssikringssystemet er eit døme på dette.

Komiteen anbefaler at Skrivekunstakademiet i Hordaland definerer nokre strategisk viktige kvalitetsområde, og årleg fastset nokre viktige mål innan dei ulike områda. Dermed kan årsrapportane bli betre strategiske verktøy for institusjonen. Dei fleste utdanningsinstitusjonar har fastsett mål innan kvalitetsområde som opptakskvalitet, undervisningskvalitet, programkvalitet, resultatkvalitet og relevanskvalitet. I systembeskrivinga som blei lagt fram i 2009, er dette arbeidet starta, og komiteen tilrår at Skrivekunstakademiet arbeider vidare med dei måla som er sett i denne.

Skrivekunstakademiet tar opp tolv studentar blant godt over hundre søkjarar. Opptaket skjer på bakgrunn av ein innsend tekst. Som hovudregel er det dei fire fast tilsette lærarane som utgjer opptakskomiteen. Skrivekunstakademiet fører statistikk for mellom anna alder, kjønn, bakgrunn og tidlegare utdanning for heile søkjarmassen. Komiteen meiner at denne statistikken bør kome fram i årsrapporten, slik at styret kan følgja med på viktige karakteristikkar av søkjarar og opptekne studentar over tid. Etter komiteens meining bør det også førast statistikk over kva for ein sjanger søkjarane skriv i.

Samla sett dekkjer kvalitetssikringssystemet ved Skrivekunstakademiet prosedyrar og statistisk informasjon over opptak, og det legg stor vekt på undervisningskvalitet. Programkvalitet blir vurdert ved at studentar og lærarar systematisk vurderer innhaldet i og opplegget for kursa. I dag er det vanleg at utdanningsinstitusjonane med jamne mellomrom har programevalueringar med eksterne fagfellar og

tidlegare studentar i komiteane. Komiteen meiner Skrivekunstakademiet bør innføre tilsvarende programevalueringar i sitt system.

Skrivekunstakademiet følger med på kor mange studentar som får publisert tekstar (rundt 35 prosent). Under besøket fekk komiteen høyra at nokre studentar brukte studiet i vidare utdanning, nokre blei omsetjarar, og nokre arbeidde på bibliotek. Men institusjonen har inga systematisk oversikt over andre yrke utdanninga blir nytta i. Komiteen meiner at Skrivekunstakademiet bør utvide sitt system til å omfatte kandidatundersøkingar med jamne mellomrom. Kandidatundersøkingar kan gi viktig informasjon om utdanningas relevans for individ og samfunn, og dei kan gi innspel til utviklinga av studiet.

Under institusjonsbesøket kom det fram at både lærarstaben og studentane meiner det er viktig at studiet gjev studiepoeng. Skrivekunstakademiet vil og jobbe for å godkjent påbyggingskurset i skapande skrivning, men vil enno ikkje utvide utdanninga til ein full bachelorgrad. Når høgskulen finner at tida er mogen, vil den vere open for ei slik utviding i samråd og samarbeid med dei andre skriveskulane i Noreg. For Skrivekunstakademiet er det avgjerande at ei eventuell utviding til ein akademisk grad ikkje går ut over fokuset på den frie skapande skrivninga. Komiteen anerkjenner at institusjonen gjer slike viktige strategiske val om utdanninga.

4 Samla vurdering i lys av evalueringskriteria

Ved evaluering av institusjonane sitt interne kvalitetsarbeid blir det gjort ei heilskapleg vurdering av kvalitetssikringssystemet og institusjonens aktive bruk av det. Det skal leggjast vekt på

- stimulans til kvalitetsarbeid og kvalitetskultur
- mål, plan og forankring i leiinga
- innhenting av dokumentert informasjon om kvalitet i studia
- analyse, vurdering og rapportering
- bruk av kunnskap til kvalitetsforbetring.

4.1 Stimulans til kvalitetsarbeid og kvalitetskultur

... om institusjonen stimulerer til engasjement for kvalitetsarbeid blant tilsette og studentar og deira demokratiske organ

Skrivekunstakademiet i Hordaland har eit systematisk og godt kvalitetsarbeid rundt årsstudiet i skapande skrivning når det gjeld undervisningskvaliteten. Under institusjonsbesøket fekk komiteen høyre at lærarane var opne for innspel frå studentane, og dei var villige til å justere forhold i undervisinga.

Mot slutten av kvart kurs er det ei munnleg evaluering der studentar, hovudlærer og gjestelærer saman diskuterer og vurderer kurset. Institusjonen oppmodar studentane til å evaluere utdanninga. Etter den skriftlege semesterevalueringa kan dei delta i stabsmøte der semesterevalueringa blir drøfta. Dermed får studentane høve til å foreslå endringar. Studentane kjende ikkje til evalueringar frå tidlegare studentar. Studentane kjende til LMU og visste kven som var tillitsvalde, og korleis dei kunne framsette klager. Dei kjende ikkje til saker som hadde vore tatt opp i LMU etter innspel frå studentane.

Dei opplevde miljøet som lite og trygt, og dei opplevde både lærarane og administrasjonen som svært imøtekommande, samt at administrasjonen alltid var til stades.

Hovudlærarane skriv rapportar etter kvart kurs, og desse er det tilgang til i staben. Dei lærarane komiteen møtte, fann stor nytte i å lese dei andre lærarane sine rapportar. Dersom gjestelærarar held lengre kurs, skal dei skrive rapport frå desse. Komiteen meiner at gjestelærarane òg bør ta del i rapportskrivinga frå alle kurs dei deltar i. Det er stabsmøte etter evalueringar og nytt stabsmøte når neste semesters undervising skal planleggjast.

Komiteen finn ikkje same kvalitetsarbeid for programkvalitet, relevanskvalitet og resultatkvalitet. Skrivekunstakademiet har ikkje hatt programevalueringar med eksterne fagfellar. Det har ikkje vore vurderingar av relevans, og eksterne sensorar vurderer ikkje eksamensordninga i høve til fastsett læringsutbytte.

4.2 Mål, plan og forankring i leiinga

... om mål, ansvar, prosessar og aktørar som inngår i kvalitetssystemet, er klart skildra (systemets strukturelle oppbygning), og korleis systemet for kvalitetssikring blir utvikla i tråd med institusjonanes behov

Skrivekunstakademiet har eit årshjul for kvalitetsarbeidet. Årshjulet syner når det skal vere studentevalueringar, lærarrapportar og rapport frå administrative einingar. Det er og vist kven som har ansvar for dei ulike sakene. Systembeskrivinga frå 2009 har ei meir utfyllande beskriving av ansvarslinjer og informasjonslinjer i kvalitetsarbeidet. Denne var ikkje kjend i organisasjonen. Det er og eit årshjul for administrasjon av utdanninga. Under komitémøtet gjekk det fram at lærarar og studentar kjende system for studentevalueringar, lærarrapportar og LMU.

Skrivekunstakademiet har fastsett mål for utdanninga i skapande skriving. I systembeskrivinga frå 2009 er arbeidet med å utvikle mål for kvalitetsarbeidet starta. I evalueringa av kvalitetssikringssystemet i 2009 fekk Skrivekunstakademiet ei tilråding om å vidareutvikle systembeskrivinga. Dette er ikkje gjort. Mellom anna er det inga omtale eller mål for programkvalitet og relevanskvalitet.

Ei viktig endring i sjølve systemet sidan 2009 er at lærarane sine rapportar frå dei ulike kursa er gjort tilgjengelege for heile staben. Dette blei sett på som eit svært nyttig tiltak.

4.3 Innhenting av dokumentert informasjon om kvalitet i utdanninga

om sikring og vurdering av kvaliteten i kvart enkelt studium bygger på dokumentert informasjon som systematisk blir innhenta frå fleire kjelder, og om det er særskilte prosessar for å kvalitetssikre oppretting av nye studium

Årshjulet for kvalitetssikringssystemet viser at studentane har midtvegs- og sluttevaluering av semesteret om hausten og midtvegsevaluering av semester og sluttevaluering av kurset om våren. Studentar, hovudlærar og gjestelærar har eit møte på slutten av kvart kurs. I etterkant av kursa utarbeider hovudlærarane rapportar som er tilgjengelege for heile lærarstaben.

Årsrapportane til styret gir ein omtale av studentevalueringar og rapportar frå lærarane og arbeidet med å følgje opp råd i førre NOKUT-evaluering. Styret vert og informert om representantar og møte i klagenemnd og LMU. Hovuddelen av rapporten er via status for kvalitetsarbeidet og tiltak for betring av kvaliteten det aktuelle året. Skrivekunstakademiet utarbeider statistikk over søkjarar med oversikt over blant anna alder og kjønn. Komiteen finn at det studienære kvalitetsarbeidet med studentevalueringar og lærarrapportar blir dokumentert og formidla til styret i årsrapporten. Komiteen meiner at statistikken over søkjarar bør omtalast i årsrapporten og bør omfatte kva for ein sjanger dei skriv i.

I tråd med *lov om universiteter og høyskoler* skal LMU levere ein eigen rapport til styret. Skrivekunstakademiet må sørge for at utvalet utarbeider slike rapporter som gir ei vurdering av det fysiske og psykososiale læringsmiljøet og foreslår eventuelle tiltak utvalet vil fremje.

Skrivekunstakademiet bruker eksterne sensorar, men desse leverer ikkje sensorrapportar. Normalt skriv sensorane rapportar frå arbeidet der dei òg vurderer eksamensform opp mot læringsutbytteskildringa.

Skrivekunstakademiet har ein liten fast stab, men brukar mange gjestelærarar som og skiftast over tid. Dei har og kontakt med andre nordiske forfattarutdanningar. Komiteen meiner det vil vere nyttig å gjennomføre ei programevaluering med eksterne fagfellar og ein tidlegare student i komiteen. Skrivekunstakademiet følger med på kor mange studentar som publiserer, men har ikkje systematisk oversikt over andre yrke studentane har nytta utdanninga i. Komiteen anbefaler at kandidatundersøkingar blir ein del av systemet.

4.4 Analyse, vurdering og rapportering

... om den informasjonen som systemet genererer blir analysert, vurdert og framstilt for ansvarlege fora og leiarnivå

Studentevalueringar blir følgde opp systematisk i stabsmøte etter evalueringar. Dei vert og tatt opp i stabsmøte i forbindelse med planlegging av undervisninga komande semester. Lærarane sine kursrapportar er gjort tilgjengelege for heile staben, og dette blei omtalt som svært nyttig av dei lærarane komiteen møtte. Gjestelærarar blir òg oppmoda til å levere rapport, men komiteen har ikkje sett eksempel på at slike er levert. Gjestelærarar deltar på oppsummerande møte saman med hovudlærar og studentar etter kvart kurs. Lærarrapportane fokuserer på innhald i undervisninga og kor godt opplegga i klassen har fungert. Erfaringar frå lærarane og studentevalueringane legg føringar for komande undervisningsopplegg og planar, samt kva for gjestelærarar som blir hyrt inn for dei ulike kursa. Komiteen fekk inntrykk av at rapporteringa frå det studienære kvalitetsarbeidet fungerte godt og blei opplevd som nyttig for lærarar og leiinga. Komiteen meiner at årsrapporten til styret inneheld få analysar. Det er innhenta statistikk over opptak, men dette blir ikkje brukt i den årlege rapporteringa.

4.5 Bruk av kunnskap til kvalitetsforbetring

... om tiltak for forbetringar blir sett i verk på grunnlag av dei kvalitetsanalysar som blir gjort.

I rapportane sine går lærarane igjennom undervisningsopplegg og foreslår endringar. Dei vurderer og om gjestelærarar bør nyttast på ny. Skrivekunstakademiet nyttar mange gjestelærarar. Fleire deltek meir enn for eit studentkull, men institusjonen ser det og som viktig å skifte gjestelærarar. På denne

måten får studentane høve til å møte både nye og etablerte forfattarar frå Norden. Årsrapportane til styret går igjennom studentevalueringar og lærarrapportar, samt oppfølging av råda frå førre gong NOKUT evaluerte kvalitetssikringssystemet og kvalitetsarbeidet. Rapportane gjev ein status frå kvalitetsarbeidet der gjennomførte tiltak vert gjennomgått.

5 Konklusjon

I tråd med myndigheitene sine krav er det slik at

- (1) Universiteter og høyskoler skal ha et system for sitt kvalitetssikringsarbeid som sikrer kontinuerlige forbedringer, gir tilfredsstillende dokumentasjon av arbeidet og avdekker sviktende kvalitet.
- (2) Kvalitetssikringssystemet skal sikre og bidra til å utvikle kvaliteten i hele utdanningen, inkludert praksisstudier. Systemet skal omfatte alle forhold som har betydning for studiekvaliteten, fra informasjon overfor mulige søkere til avslutning av studiet inklusive studiets relevans for arbeidslivet.

Komiteen meiner Skrivekunstakademiet i Hordaland har eit godt utvikla studienært kvalitetsarbeid for undervisningskvaliteten. Komiteen ser samstundes att Skrivekunstakademiet enno ikkje har nådd tilstrekkeleg langt i sitt kvalitetsarbeid når det gjeld kvalitetssikring av program- og relevanskvalitet. Komiteen tilrår at systemet blir godkjent, men anbefaler at Skrivekunstakademiet jobbar med å utvikle systemet vidare i tråd med råda som er gitt nedanfor.

6 Komiteens råd om vidareutvikling av kvalitetsarbeidet

Komiteen vil anbefale at Skrivekunstakademiet i Hordaland arbeider vidare med å utvikle kvalitetsarbeidet og kvalitetssikringssystemet og bør leggja vekt på å:

- Vidareutvikle og tydeleggjere systembeskrivinga og gjere ho kjend blant studentane og alle som underviser ved institusjonen. Årshjulet for kvalitetsarbeidet bør inngå i systembeskrivinga. Årshjulet må tydeleg vise korleis kvalitetssikringssystemet fungerer: når evalueringar og annan informasjon skal samlast inn, kven som har ansvar for innsamling og vurdering av informasjonen, kven som fattar vedtak og kven som skal følgja dei opp. For å gjere kvalitetssystemet lettare å forstå tilrår komiteen ei grafisk framstilling i form av eit hjul.
- Definere nokre faste kvalitetsområde og sette mål for kvalitetsarbeidet innafor desse som blir følgd opp og rapportert på. Utdanningsinstitusjonane nyttar ofte kvalitetsområde som til dømes opptakskvalitet, undervisningskvalitet, programkvalitet, kvalitet i læringsmiljøet, resultatqualitet og relevanskvalitet.
- Utvide kvalitetssikringssystemet med sensorrapportar etter kvar eksamen der sensorane vurderer eksamensform opp mot læringsutbytteskildringa. Det bør òg være ei viss utskifting

av sensorane over tid.

- Systemet bør òg omfatte programevalueringar og kandidatevalueringar som blir utførte med jamne mellomrom. Dette kan bidra til å synleggjere Skrivekunstakademiet og gjere institusjonens rolle i samfunnet tydelegare.
- Statistikk over søkjarar til utdanninga bør visast i årsrapporten.

7 Vedlegg

7.1 Dokumentasjon frå Skrivekunstakademiet i Hordaland

I forkant av besøket 21. oktober fekk komiteen følgjande dokument:

- Presentasjon av institusjonen og studietilboda
- Presentasjon av systemet for kvalitetssikring av utdanninga, med omtale av ansvar og informasjonslinjer i kvalitetsarbeidet
- Presentasjonen inneheldt også eit skriv frå leiinga ved institusjonen som omhandla status, suksessar og utfordringar i arbeidet med å sikre kvalitet i Årsstudium i skapande skriving.
- Årsrapportar om kvalitetsarbeidet for åra 2012, 2013 og 2014
- Referat frå stabsmøte 4.6.15
- 2 lærarrapportar
- 2 referat frå LMU
- Referat frå styremøte 3.2.15
- Årshjul for kvalitetssikringssystemet
- Årshjul for Skrivekunstakademiet

I etterkant og på oppmoding frå NOKUT om å finne beskriving av systemet fekk komiteen:

- Oversikt over Skrivekunstakademiets kvalitetssikringssystem, med informasjonslinjer og myndigheits-, ansvars- og rollefordeling
- Utfyllande informasjon om kvalitetssystemet på Skrivekunstakademiet
- Referat frå styremøte i stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland 04.05.10
- Referat frå styremøte 5. mars 2010

7.2 Program for den sakkunnige komiteens besøk ved institusjonen

Onsdag 21. oktober 2015

Intervju med akademileiar (er p.t. òg undervisningsleiar)

Intervju med studentar inkludert dei 2 tillitsvalde

Intervju med eksterne medlemmar av styret

Intervju med faste lærarar (3 personar)

Intervju med gjestelærarar (ev. saman med dei faste)

Komitémøte

Tilbakemelding til leiinga og tillitsvalde studentar

7.3 Sakkunnig komité's mandat

MANDAT FOR SAKKYNDIGE KOMITEER VED EVALUERING AV INSTITUSJONENES KVALITETSSIKRINGSSYSTEM

Fastsatt av NOKUTs styre 5. mai 2003, revidert 17.12. 2008, tilpasset *Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning* av 1. februar 2010.

Den sakkyndige komiteen skal evaluere institusjonens system for kvalitetssikring av utdanningen, og vurdere om dette er tilfredsstillende i forhold til gjeldende forskrift og NOKUTs evalueringskriterier.

Komiteen skal gi en entydig og begrunnet konklusjon om hvorvidt institusjonens system for kvalitetssikring er tilfredsstillende.

Evalueringen skal gjennomføres med en konstruktiv holdning til institusjonen, og komiteen skal også gi råd om det videre kvalitetsarbeid ved institusjonen.

Hvis evalueringen avdekker klare indikasjoner på alvorlig kvalitetssvikt i enkeltstudier skal dette bemerkes i komiteens rapport.

Komiteens vurdering skal baseres på følgende materiale:

- Institusjonens beskrivelse av kvalitetssikringssystemet.
- Dokumentasjon av utført kvalitetssikring / kvalitetsarbeid som institusjonen legger fram. Komiteen kan be om å få seg forelagt et hvilket som helst materiale som den anser at kan ha betydning for vurderingen.
- Komiteens erfaringer og funn ved institusjonsbesøk. Komiteen avgjør hvem den vil treffe og hvilke enheter den vil besøke.

Komiteen skal nedfelle sine vurderinger, konklusjoner og anbefalinger i en skriftlig rapport.

Komiteen skal kvalitetssikre rapportens faktiske opplysninger før den avgis.

Komiteen arbeider på oppdrag fra og avgir sin rapport til NOKUT. Oppdraget er avsluttet når NOKUT har fattet vedtak i saken. Inntil oppdraget er avsluttet, skal de sakkyndige ikke ta del i den offentlige debatt om saken.

7.4 NOKUTs evalueringskriterium

Evalueringskriteria finnes i kapittel 6 i forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskriften), fastsett av NOKUT 28. februar 2013.

§ 6.1 NOKUTs evalueringskriterier

Ved evaluering av institusjonenes interne kvalitetsarbeid gjøres det en helhetlig vurdering av kvalitetssikringssystemet og institusjonenes aktive bruk av det. Det skal legges vekt på:

- a. Stimulans til kvalitetsarbeid og kvalitetskultur: om institusjonen stimulerer til engasjement for kvalitetsarbeid blant ansatte og studenter og deres demokratiske organer,
- b. Mål, plan og ledelsesforankring: om mål, ansvar, prosesser og aktører som inngår i kvalitetssystemet er klart beskrevet (systemets strukturelle oppbygning), og hvordan systemet for kvalitetssikring utvikles i tråd med institusjonenes behov,
- c. Innhenting av dokumentert informasjon om kvalitet i studiene: om sikring og vurdering av kvaliteten i hvert enkelt studium bygger på dokumentert informasjon som systematisk innhentes fra flere kilder, og om det er særskilte prosesser for å kvalitetssikre oppretting av nye studier,
- d. Analyse, vurdering og rapportering: om den informasjonen som systemet genererer analyseres, vurderes og framstilles for ansvarlige fora og ledernivå,
- e. Bruk av kunnskap til kvalitetsforbedring: om tiltak for forbedringer iverksettes på grunnlag av de kvalitetsanalyser som gjøres.

Merknad til kapittel 6

Institusjonene skal kontinuerlig og systematisk arbeide for å sikre og forbedre kvaliteten i utdanningen. Det interne systemet for kvalitetssikring av utdanningen skal frambringe kunnskap institusjonen trenger i sikringen og utviklingen av utdanningene som tilbys. Kvalitetssikringen skal omfatte alle studietilbud som en institusjon gir, alle deler av studiet og alle formidlingsformer. Gjennom faste rutiner og prosesser i en årlig syklus frembringes, vurderes og anvendes informasjon om det enkelte studium, og om institusjonens utdanningsvirksomhet generelt.

Institusjonens system for kvalitetssikring av utdanningsvirksomheten er institusjonens eiendom. Det er derfor institusjonen selv som ut fra egen størrelse, faglig profil og andre lokale behov bestemmer hvordan det skal utformes. Det samme gjelder for den dokumentasjonen som systemet frembringer.